



## Notat

Dato: 03.09.2019  
Arkivsak: 2019/16623-1  
Saksbehandlar: artarne

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

Notatet er skrevet av dei tre deltakarane frå Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### **Notat frå reisa til OTC (Offshore Technology Conferance) i Houston, USA 6. til 9. mai**

**Deltakarar:** Fylkesvaraordførar Pål Kårbø, Hordaland, Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, Sogn og Fjordane samt seniorrådgivar Arthur Kristian Arnesen, Hordaland.

Greater Stavanger og HRG meetings & Events arrangerte turopplegg for den norske delegasjonen (Norway2OTC) som i alt besto av ca 275 delegatar, ei klar auke frå 2018. Om lag 75% av desse var frå næringslivet, medan det var 11 ordførarar/varaordførarar frå kommunar og fylker som var representert. Deltakarane kom frå alle deler av landet. Ingen av kommunane i fylka våre var representert.

Sjølve messa starta måndag 6. mai, men det var lagt opp til program gjennom helga, slik at delegatane fekk bli kjende og mogelegheit til nettverksbygging. Det var gjennomgåande stor oppslutnad om alle arrangementa på og kring OTC og mange var fullbooka.

**Laurdag 4. mai** var det lagt opp til besøk på Houston Museum of Natural Science. Her deltok berre repr. frå Sogn og Fjordane. Dette museet satsa stort på undervisning både mot grunnskule og høgare utdanning og det var ei målsetting at alle skuleborn i Houston skulle ha minst eit undervisningsprosjekt i regi av museet, oftast fleire. Det er også mogeleg å ta korte og lengre nettbaserte kurs for vaksne worldwide. Museet la vekt på å vise korleis jorda si historie har vore, er og korleis ein må finne løysingane for eit fossilfritt samfunn.

Om kvelden var det samankomst for den norske delegasjonen utandørs på hotellområdet. Repr. frå Hordaland ankom på ettermiddagen og deltok frå og med her.

**Søndag 5. mai** starta ein med Kick off samling på hotellet der alle fekk oppdatert informasjon og briefing om konferansen, samt utdeling av adgangskort for messa. Fleire av regionane fekk også høve til ein kort presentasjon og dei to fylkesvaraordførarane presenterte korte fakta om det kommande Vestland, samt litt om omfang, kompetansmiljø og bedrifter som finns innan petroleumsnæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Resten av søndagen var det mogeleg å delta i ulike arrangement og tilstellingar frå båtcruise i Galveston Bay, til besøk i Sjømannskyrkja eller tur til Nasa sitt besøkssenter.

På kvelden arrangerte Norway2OTC saman med Greater Stavanger eit miniseminar og ei samling kor dei tilreisande norske politikarane fekk ein kort oppdatering kring energisektoren i USA og Houston slik norske industrileiarar og andre nøkkelpersonar i Houston/USA opplever dette. Desse orienterte:

- Hans Jacob Hegge CEO for Equinor USA,
- Steinar Vaage SVP Operations for ConocoPhillips Houston,
- Agnete Johnsgård-Lewis Managing Director for Shell Deepwater,
- Jon Ødegaard Hansen Energiråd ved Noreg sin ambassade i Washington DC,
- Kristian Johansen CEO hos TGS Nopec Operational HQ Houston.

**Måndag 6. mai** starta med Norsk delegasjonsfrukost på hotellet, eit frukostseminar organisert av Greater Stavanger. Intensjonen var å gi delegatane ein oppdatert innsikt i energimarknaden og samfunnsutviklinga i Houston/USA. Statssekretær i Olje og Energidepartementet, Liv Lønnum opna den faglege delen. Dette var eit seminar med ei rekke foredrag:

- Professor Steven Klineberg, Kinder Institute «Propetic City: Houston on the Cusp of a Changing America»
- Kenneth Medlock, Baker Institute, Rice University «The Evolving US Role in Global Energy»
- Dr. Svetlana Ikonikova, Bureau of Economic Geology, University of Texas at Austin «The latest on shale developments»
- Marianne Kaht, Advisory Board Member and Adjunct Senior Research Scholar, Columbia University Center of Global Energy Policy «Changes in the US energy Market – as driven by Market forces»
- Jan Eckhoff, NORWEP Country Manager USA og Sven Fredhaus, NORWEP Country Manager Mexico « Market update – Opportunities for Norwegian Industry in Gulf of Mexico»

Deretter hadde Equinor eit seminar om sine operasjonar i Nord America med orientering om følgjande aktivitetsområde; US land, Offshore Gulf of Mexico, Offshore Canada og renewables.

Etter dette var det transport til messeområdet der vi besøkte den norske paviljongen. Her gjekk vi tre frå kommande Vestland ilag og besøkte bedrifter frå Vestlandet. Sjømannskyrkja hadde ansvar for mathjørnet og det var mange som sette pris på alle dei heimelaga kakene, som også vart ei god inntektskjelde for kyrkja.

Om kvelden var vi invitert på mottaking hos den norske konsulen i Houston, Morten Paulsen, før vi avslutta kvelden med middag arrangert av SR-Bank.

**Tysdag 7.mai** starta med teknologi frukostseminar på hotellet, arrangert av GCE Ocean Technology, Energy Valley og GCE Node.

Her vart det halde følgjande foredrag:

- John Macleord, CTO Aker Solutions «Keynotes»
- Arne Kjørsvik, CEO Eelume, «Eelume ready for subsea operations»
- Magne K Husebø, CEO Xsens Flow og Olav Sylthe CTO FutureOn som begge fekk fortelje om sine bedrifter som hadde vunne Techology Award pris på Norvegiona OTC 2019.
- Til slutt fekk vi to spennande presentasjonar frå to oppstartsbedrifter frå Norge, Dmitri Gorski frå Haevelock og Marit Bjerkreim frå RagnaRock

Etterpå gjekk turen til messeområdet, der vi frå Hordaland og Sogn og Fjordane vart guida av representantar frå GCE Ocean Technology til bedrifter som har tilknytning til våre fylke. Fylka hadde sterk deltaking med svært mange spanande bedrifter.

Om kvelden var vi på Equinor si mottaking. Her fekk Åshild eit hyggeleg gjensyn med Hove som er Equinor sin sjef for Houston kontoret. Han har sine røter frå Sogndal og snakkar varmt om Fjøra.

**Onsdag 8. mai** var Hordalandsdelegatane på bedriftsbesøk hos TGS medan repr. frå Sogn og Fjordane var på messa og besøkte ulike stands. TGS er det leiande internasjonale selskapet på datainnsamling innafor havbotngeologi og har som mål å forsyne energiselskap over heile verda med dei beste geologiske data om havbotnen. Selskapet har hovudkontor i Asker og i Houston og er i tillegg representert ein rekke stader rundt i verda.

Om kvelden var vi samla på the Norwegian Evening Dinner, som er arrangert av Det norsk-amerikanske handelskammeret. Her fekk Bente Nyland, direktør i Oljedirektoratet, påskjønning for sitt lange arbeid innan sektoren.

#### **Oppsummert.**

OTC hadde god deltaking av bedrifter frå våre fylke og delegasjonen fekk mange møter og spanande presentasjonar. Det er ingen tvil om at OTC blir vurdert som svært viktig av næringslivet.

Bedriftene ga uttrykk for at dei sette stor pris på at fylkeskommunane var representerte på høgt politisk nivå. Dette tok dei som eit klart teikn på kor viktig denne bransjen er i våre to fylke. Samstundes etterlyste dei deltaking frå fleire av dei sentrale kommunane kor denne bransjen spelar ei stor rolle, særleg var deltaking frå Bergen kommune sakna av mange.